



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1497 - 18/25077

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

28.11.2018

Godkjenning - igangsetjingsløyve for resten av tiltaket - GBNR 22/231 Mjåtveit

Administrativt vedtak. Saknr: 326/2018

Tiltakshavar: Borlaug & Brosvik eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Helgesen tekniske bygg AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for resten av tiltaket ved oppføring av ny verkstad/lagerhall. Kommunen har i vedtak av 22.06.2018 gjeve rammeløyve til oppføring av verkstad/lagerhall på gbnr 22/231. Det ble gjeve igangsetjingsløyve for grunn - og betongarbeid den 29.10.18. Det vert elles vist til søknad motteken 23.11.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden v ar komplett og klar for handsaming den 23.11.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak(SAK 10) § 7 - 1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK10 § 7 - 2.

VURDERING

Ansvarsrettar

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 3, dagsett 23.11.2018, vedlagt søknaden.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Pbl §§ 20 - 1 og 21 - 4 fjerde ledd igangsettingsløyve for resten av tiltaket - oppføring av verkstad/lagerhall på Gbnr 22/231 på Mjåtveit i samsvar med søknad med vedlegg motteke 23.11.18.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av Pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan versjon 3, dagsett 23.11.18, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsetjingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Plassering av bygningen på tomta skal dokumenterast seinast saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve for oppdatering av kommunen sitt kartverk. Meland kommune krev at innmålingsdata vert sendt i KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare).

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse. Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf. ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1497.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om igongsetjing - heile tiltaket - GBNR 22/231
Søknad om igongsetjing heile tiltaket - GBNR 22/231 - epost framside
G-11 Erklæring om ansvarsrett PRO-UTF HTB
F-1 Utgreiing
G-1 Gjennomføringsplan versjon 3
G-6 Erklæring om ansvarsrett PRO Honeywell
G-7 Erklæring om ansvarsrett PRO-UTF Cibes
G-8 Erklæring om ansvarsrett PRO-UTF GK Inneklima
G-9 Erklæring om ansvarsrett PRO-UTF Mjelstad og Stokke
G-10 Erklæring om ansvarsrett UTF NH Elektro

Kopi til:

Borlaug & Brosvik Eiendom AS Floghaugane 24 5918 FREKHAUG

Mottakarar:

Helgesen Tekniske Bygg AS Valestrandsfossen 5281 VALESTRANDSFOSSEN